# MODALEN KOMMUNE
**Teknisk etat**

**Melding om skade på fv 569 ved Stokkevika.** Mo 15.03.2023

I samband med anna ærend i Modalen, observerte Modalen kommune v/Vågane nyleg ein skade på mur oppstraums brua på fylkesvegen ved Stokkevika. Skaden er på elva si høgre side sett medstraums – sjå fig. 1-2 for plassering.




*Fig. 1. Skadeområdet.*




*Fig. 2 Plassering skadeområdet i høve veg og elv.*

Skaden gjeld nokre større steinar som har sklidd ut av muren som skal leie elva inn mot brua. Når ny flaum oppstår, kan elva grave seg inn mot sjølve vegbana og i verste fall skade denne.




*Fig. 3. Skaden er synleg frå brua på fv. 569. Området der steinane er gravne under, kan gå lenger ned mot brua enn kva som er skissert i biletet.*

FV 569 er ein viktig veg både for Modalssamfunnet så vel som ein gjennomfartsveg Voss-Ytre Sogn og vidare nordover.

Modalen kommune meiner at skaden må sjåast over snarast og avbøtande tiltak vurderast. Dette med bakgrunn i skadepotensialet og det faktum at vegen er særs viktig for innbyggjarane i Modalen og kringliggjande områder.

Vennleg helsing

Tone Selmer Skuggevik
**Teknisk sjef /Sivilarkitekt**
**Modalen kommune**
tone.selmer.skuggevik@modalen.kommune.no
Tlf 56 59 90 06 Mob 920 43 233

Modalen kommune | 5732 MODALEN|Tel: 56 59 90 00 | Dir: 56 59 90 06 |Mob: 920 43 233